



Statens vegvesen

Lindum AS
Lerpeveien 155
3036 DRAMMEN

Marianne Seland

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
16/79192-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.05.2016

Høyring av planprogram for endra reguleringsplan med konsekvensutgreiing – Plan-ID 1263-201107 – Del av gnr. 219, 220, 221 og 222 – Eikefet og Urdal – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 20.05.16 med framlegg til planprogram for endra reguleringsplan for Eikefet og Urdal i Lindås kommune, med konsekvensutgreiing.

I gjeldande reguleringsplan frå 2012 er området regulert til råstoffutvinning. Oster Utvikling AS og Lindum AS ynskjer å drive deponi i ein del av det gamle steinbrotet som ikkje vert nytta til produksjon lenger. Denne bruken av området krev ei endring av reguleringsplanen.

Produksjonen er no flytta frå det gamle brotet som har vore i drift i ei årrekkje, og opp til eit nytt brot. Det gamle brotet er regulert til sedimentasjonsbasseng for den aktive drifta av nytt brot. Planen opnar og for deponering av masser frå pukkverket som ikkje kan nyttast i deira produksjon. Det er vidare sett krav til revegetering av terrassane i det gamle brotet.

Lindum AS og Oster Utvikling AS planlegg å danne eit felles selskap med intensjon om å drive deponering i det eldste steinbrotet på Eikefet i Lindås kommune.

Planen er å deponere ureina jordmasser og betong som er avfall. Dette er avfall som er noko meir ureina en rein betong, men ikkje er farleg avfall. Ein ynskjer å deponere ureina betong, tegl, takstein, glas, keramikk, porselen og ureina muddermasser. Mottak av blanda avfall frå hushald og næring som kan brytast ned biologisk er ikkje aktuelt.

I samband med reguleringsplanen som vart godkjend i 2012 ga Statens vegvesen uttale til planframlegget i samband med m.a. nærføring til riksveg E39 Eikefettunnelen og tilkomst til planområdet. Ved ei omregulering av det gamle steinbrotet til massedeponi vert det etter vår vurdering auka trafikk til området. Det må avklarast kor stor denne trafikkauken vert og om det er naudsyn med ytterlegare tiltak i krysset med riksveg E39.

I tillegg meiner vi at det må fokuserast på at det ved konsekvensutgreiinga må leggast vekt på forhold som støy frå verksemda og mogeleg fare for forureining av vatn frå deponiområdet.

Etter det vi kan vurdere vil ei oppfylling av det gamle steinbrotet kunne ha fleire positive effektar ved at ein kan få eit landskap som liknar meir på det opphavelige langskapet og området kan utformast slik at det kan nyttast til eit fornuftig formål i ettertid som kan vere etablering av verksemd på staden både for privat og allmenn bruk.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN